



Nynorsk kultursentrum

Kulturdepartementet
Boks8030 Dep
0030 OSLO

Vår ref.: 019-412 OG

Hovdebygda, 1. mars 2013

Høyringsfråsegn om framlegg til boklov

Styret i Nynorsk kultursentrum drøfta i møte 26. februar 2013 framlegget til boklov. Vi legg i denne fråsegna mest vekt på den språkpolitiske sida av saka.

Prinsippet nynorsk

Nynorsk kultursentrum sende 27. mars 2012 høyringsfråsegn om dei to utgreiingane om bokbransjen som kom vinteren 2012. Desse utgreiingane har vore viktige premissleverandørar for framlegget til boklov. I fråsegna framheva vi at utgreiingane plasserte seg på sida av Stortingets språkpolitikk:

Ingen av utgreiingane tek omsyn til at Stortinget og oppdragsgivaren gjennom språkmeldinga har slått fast prinsippet nynorsk. Det inneber at omsynet til nynorsk alltid skal vurderast der norsk språk blir tematisert, og at det må grunnvist viss ein meiner det ikkje er relevant.

Vi rekna med at dette var tydeleg nok tale til at denne sida av saka ville bli teken grundig opp i det avsluttande arbeidet med boklov. Der tok vi openbert feil. I høyringsdokumenta om boklov ser vi ingen spor av at prinsippet nynorsk har vore brukt. Det same fráværet har prega utgreiinga om mediestøtte og den vidare oppfølginga av den saka.

Då er det vanskeleg å fri seg frå eit inntrykk av at Kulturdepartementet no har redusert overordna synspunkt og prinsipp i språkmeldinga til formuleringskunst som ikkje lengre forpliktar i praksis.

Tillegg til § 1 føremål

Nynorsk kultursentrum meiner sterkt at føremålsparagrafen må få eit tillegg for at lova skal vere i samsvar med den heilskaplege språkpolitikken Stortinget slutta seg til i 2009. Det nødvendige tillegget er streka under:

Formålet med denne lov er å legge til rette for bredde, mangfold og kvalitet i norsk litteratur, samt god tilgjengelighet over hele landet. Særlig viktig er det å ivareta forfatteren og leseren. Loven skal bidra til å fremme kultur og kunnskapsformidling og styrke norsk språk og skriftkultur, både bokmål og nynorsk.



Med venleg helsing
Nynorsk kultursentrum

Reidar Sandal (s)
styreleiar



Ottar Grepstad
direktør